


TYSNES KOMMUNE

# Heilskapleg analyse

---

Risiko og sårbare tilhøve



2022 - 2025

## **Innhold**

Introduksjon med skildring av bakgrunn, formål, føresetnadar og avgrensingar .....	3
Bakgrunn og formål .....	3
Føresetnadar og avgrensingar .....	4
Organisering, roller og ansvar .....	4
Mandat for arbeidet.....	4
Revisjon og ajourføring .....	4
Kommuneskildring og lokale forhold.....	4
Deltakrar og involvering av ulike samarbeidspartnerar .....	7
Metode, definisjon og omgrep.....	7
Identifikasjon av uønskte hendingar .....	8
Kriterium som grunnlag for identifisering .....	8
Inndeling av analysen – uønskte hendingar .....	9
Naturhending .....	9
Natur, menneske og dyr .....	9
Store ulykker.....	9
Tilsikta hendingar .....	9
Kritiske samfunnsfunksjonar .....	9
Samla risiko- og sårbarheitsvurdering for Tysnes kommune .....	9
Risiko og sårbarheitsvurdering etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 .....	12
Identifikasjon av risikoreduserande tiltak .....	15
Risikohandtering – mål, strategiar og tiltak i plan for oppfølging .....	22
Slutning.....	22
Referansar .....	23
Vedlegg .....	24
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 1 – Ekstrem nedbør og flaum .....	24
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 2 – Sterk vind som gjer skade.....	26
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 3 – Skred, jord og steinsprang.....	28
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 4 – Utslepp, avløp og punktutslepp .....	30
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 5 – Legionella .....	32
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 6 – Epidemi og pandemi.....	34
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 7 – Smittsam dyresjukdom.....	36
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 8 – Radongass i bygg .....	38
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 9 – Vegtrafikkulykke .....	40

Heilskapleg ROS – Analyseskjema 10 – Luftfartsulykke.....	42
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 11 - Akutt forureining.....	44
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 12 – Svikt i damanlegg.....	46
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 13 – Brann i hotell .....	48
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 14 – Vald i nære relasjoner .....	51
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 15 – Sabotasje .....	53
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 16 – Pågående og livstrugande vald.....	55
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 17 – Organisert kriminalitet .....	57
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 18 – Radikalisering .....	59
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 19 – Kriser og hendingar i utlandet, terror .....	61
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 20 – Forsyning av medisin og drivstoff.....	63
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 21 – Energi og ivaretaking husly og varme.....	65
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 22 – Framkome for personar og gods .....	67
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 23 – Brot i telesamband .....	69
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 24 – Drikkevatn, bortfall og forureining.....	70
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 25 – Oppfølging av særleg sårbare grupper .....	73
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 26 – Naud- og redningstenester.....	75
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 27 – Kommunens kriseleiing og krisehandtering .....	77
Heilskapleg ROS – Analyseskjema 28 – Atomulykke .....	79

## **Introduksjon med skildring av bakgrunn, formål, føresetnadar og avgrensingar**

### **Bakgrunn og formål**

Kommunal beredskapsplikt går fram av Sivilbeskyttelseslova § 14 og § 15.

#### **§ 14. Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarheitsanalyse**

*Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.*

*Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).*

*Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.*

*Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalysen.*

#### **§ 15. Kommunal beredskapsplikt – beredskapsplan for kommunen**

*Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide en beredskapsplan.*

*Beredskapsplanen skal inneholde en oversikt over hvilke tiltak kommunen har forberedt for å håndtere uønskede hendelser. Som et minimum skal beredskapsplanen inneholde en plan for kommunens kriseledelse, varslingslister, ressursoversikt, evakuéringsplan og plan for informasjon til befolkningen og media.*

*Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet.*

*Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om beredskapsplanens innhold og øvrige krav etter denne bestemmelsen.*

Den heilsakplege risiko- og sårbarheitsanalysa skal gje ein oversikt over uønskte hendingar som utfordrar Tysnes kommune, og gje bevisstheit om risiko og sårbarheit i kommunen. ROS-analysen skal fange opp risiko og sårbarheit på tvers av kommunale sektorar og gje kunnskap om tiltak for å unngå å redusere risiko og sårbarheit i kommunen. Analysen skal identifisere tiltak som er vesentlege for kommunen sin evne til å handtere påkjeningar og gje eit godt grunnlag for mål, prioriteringar og nødvendige avgjersler i Tysnes kommune sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Den heilsakplege ROS-analysen skal gje innspel til risiko- og sårbarheitsanalysar innan andre kommunale ansvarsområde og fylkesROS.

## Føresetnadar og avgrensingar

Revideringa av den heilskaplege ROS-analysen er gjort med utgangspunkt i ROS-analyse for Tysnes kommune sist vedteke i kommunestyret 25.04.17, og etter Statsforvaltaren sitt tilsyn med kommunal beredskapsplikt datert 12.12.19. Kommunen har nytta Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) sitt analyseskjema, og samlede analysar av uønskte hendingar er gjennomført i samband med revisjon i 2022.

## Organisering, roller og ansvar

- a) Oppdragsgjevar og eigar av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er Tysnes kommunestyre.
- b) Rådmannen si leiargruppe er styringsgruppe og utvida leiargruppe er utgjer prosjektgruppa. Prosjektleiar er ass.rådmann.
- c) Prosjektgruppa har ansvar for å planleggje og gjennomføre den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.
- d) Prosjektleiar skal halde styringsgruppa orientert om prosjektets status undervegs.
- e) Relevante offentlege og private aktørar skal inviterast med i arbeidet med gjennomføringa.
- f) Prosjektleiar skal presentere resultata frå den heilskaplege ROS-analysen, inklusiv forslag til plan for oppfølging til styringsgruppa.
- g) Rådmannen har ansvar for å fremje den heilskaplege ROS-analysen for kommunestyret og effektuere plan for oppfølging.

## Mandat for arbeidet

Sivilbeskyttelseslova § 14 pålegg kommunane å kartleggje kva uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynlegheita for at hendingane inntreffer og korleis dei kan påverke kommunen. Resultatet av arbeidet skal samstilla i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Denne er nærmare definert i Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2. Risiko- og sårbarheitsanalysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar i h.t. plan- og bygningslova § 11-4, første ledd, og elles i takt med risikobiletet. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg til grunn at alt planarbeid innanfor samfunnssikkerheit og beredskap er tufta på eit grundig risiko- og sårbarheitsarbeid. Noverande risiko- og sårbarheitsanalyse ble utarbeidd i 2008, og vedteke i kommunestyret same år, og sist revidert i 2017.

## Revisjon og ajourføring

Den heilskaplege ROS-analysen skal reviderast av kommunestyret minimum kvart 4. år, eller så ofte situasjonen tilseier det. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre ajourføring av planen utover dette.

## Kommuneskildring og lokale forhold

Landareal:	245 km <sup>2</sup>
Innbyggartal:	2846
Adm. senter:	Uggdal



Fylke: Vestland  
Innbyggjarnamn: Tysnesing  
Målform: Nynorsk  
Kommunenummer: 4616

Tysnes kommune ligg i regionen Sunnhordaland i Vestland fylke, og består i sin heilskap av 171 små og store øyer. Kommunen er omkransa av Langenuen i vest og sørvest, Bjørnafjorden i nord, Lukksundet i aust og Onarheimsfjorden/Husnesfjorden og deler av Hardangerfjorden i søraust. Dei størsteøyene er Tysnesøya (197 km<sup>2</sup>), Reksteren (37,2 km<sup>2</sup>) og Skorpo (8,8 km<sup>2</sup>).

Berggrunnen i heile kommunen er omfatta av den kaledoniske fjellkjedefoldinga. I nord består grunnen av djupbergartar, særleg ulike typar granittar nord på Tysnesøya og Reksteren og gabbro på dei sentrale og særlege delane av dei to øyane. På dei to Godøyane heilt nord består grunnen av omdanna kambrosiluriske skifer. Slike finn ein også i eit lite område ved Lukksundet nordaust på Tysnesøya og stadvis i smale stripa langs søraust-kysten av øya og på øya Skorpo i sør. Dei høgaste fjella finn ein på Tysnesøya der Tysnessåta når 752 meter over havet. Kysten er dei fleste stader sterkt innskore, med lange våger og tronge sund. Austsida av Tysnesøy og vestdia av Reksteren er rettskorne med bratte fjellsider rett ned i sjøen. Langstrakte, parallelle dalsøkk kan følgjast nordvest-søraust over Tysnesøya.

Busetnaden i Tysnes kommune viser ein konsentrasjon til vestre, nordre og syndre del av Tysnesøy, samt austre del av Reksteren. Kommunen har to tettstader, Våge og Uggdal, i tillegg til dei mindre bygdene Lunde og Onarheim. Kommuneadministrasjonen held til i Uggdal. Folketalet har i tiårs-perioden 2010-2020 synt ei gjennomsnittleg vekst på 0,3 %, og kommunen har i dag 2846 innbyggjarar.

Mange av småøyene er fruktbare og mange av dalføra har god moldjord. Samla sett har Tysnes relativt lite dyrka jord. Tysnes har på den andre sida det nest største skogarealet blant Sunnhordlandsommunane. Skogen finst særleg i dei indre, lågare områda på Tysnesøya og på Reksteren. Jordbruksoppdraget er basert på husdyrhald, særleg av storfe og sau, då det milde kystklimaet gjev gode beiteforhald. Samla sett har primærnæringane 19 % av arbeidsplassane i kommunen (2019). Utanom offentleg og privat tenesteyting og primærnæringane er industri kommunen si viktigaste næring med 11 % av arbeidsplassane, 22 % inkludert bygg- og anleggsverksemder og kraft- og vassforsyning/renovasjon. Tysnes har i tillegg ein del mindre verksemder innan verkstad-, trelast-/trevare- og næringsmiddelindustri i tillegg til fjordbruk. Desse bransjane har høvesvis 77 %, 16 % og 7 % av industriarbeidsplassane i kommunen. Av dei yrkesaktive busett i Tysnes kommune har 32 % arbeid utanfor kommunen, og kommunen kan såleis defineraast som ein pendlarkommune.

Hovudvegsambandet er fylkesveg 549 som går langs Tysnesøyas vest- og nordside, over Lukksundet bru til fastlandet. Denne gjer det mogleg å køyre ferjefritt til Bergen via fylkesveg 48 til Tysse i Samnanger og vidare derfrå på fylkesveg 49 og E16 til Bergen. Dette gjev kommunen lang veg til Bergen. Frå Våge på Tysnesøya er det derfor ferjesamband til Halhjem i Bjørnafjorden på Bergenshalvøya, noko som gjev rundt 100 kilometer kortare køyreveg til Bergen. Frå fylkesveg 549 på Hodnaneset lengst sør på Tysnesøya er det ferjesamband til øya Huglo og til E39 i Jektavik på Stord. Frå Jektavik fører E39 nordover til Bergen og sørover til Stavanger. Frå Tysnes kan ein køyre ferjefritt til Austlandet både via fylkesveg/riksveg 7 over Hardangervidda og via fylkesveg 7/riksveg 13/E16

over Voss og Lærdal. Frå Uggdal går det fylkesvegar vestover til Reksteren (fylkesveg 5086) og austover, tvers over Tysnesøya, til Onarheim på søraustkysten (fylkesveg 5078), samt frå Hodnaneset langs søraustkysten på fylkesveg 5076 og tilbake til fylkesveg 549 i Lundegrend nordaust på øya. Malkenes lengst nordaust på Tysnesøy har anløp av hurtigbåtsambandet Rosendal–Malkenes–Os–Flesland–Bergen. Ein annan rute trafikkerer Våge–Reksteren–Os.



Av menneskeskapte hendingar er det vanleg å skilje mellom tilskikta vondsinna handlingar og utilsikta handlingar. Erfaringar frå dei seinare åra knytt til radikalisering og ekstremisme, viser at kommunen også må ta omsyn til nye samfunnstrekk i sin heilsakplege ROS-analyse. Analysen har i utgangspunktet eit kommuneperspektiv, men vil i noko grad også omfatte verksemd utanfor kommunen som kan påverke lokalsamfunnet. Den heilsakplege ROS-analysen har hovudfokus på hendingar med eit omfang som gjer at kommunen si kriseleiing vert involvert. Dette er kriser som skilar seg vesentleg frå dei hendingane kommunen handterer rutinemessig i det daglege utan behov for ekstraordinær innsats. Større hendingar vil i denne samanheng som regel kunne røre ved eit

større tal på personar, fleire sektorar, og som fordrar ein ekstraordinær og koordinert innsats, langvarig innsats og særskild kompetanse.

## Deltakarar og involvering av ulike samarbeidspartnarar

Rådmannen sin strategiske leiargruppe har vore både styringsgruppe og prosjektgruppe og består av følgjande personar.

Rådmann Steinar Dalland

Ass. Rådmann Tommy-René Stordal

Kommunalsjef oppvekst Aud Kaldestad

Kommunalsjef helse og omsorg Kristine Trane

Økonomisjef Rolf Johan Lunde

Prosjektsjef Haakon Dalland

I arbeidet med analysane har det vore involvering og dialog med einingsleiarar, aktørar i våre tenestestader, bedrifter, lokalt næringsliv, naudetatar, BKK og Statens Vegvesen. Involvering har vore gjennomført i form av møte fysisk og digitalt på ulike nivå, hovudsakeleg i etablerte møtefora.

## Metode, definisjon og omgrep

I 2014 publiserte DSB sin nye rettleiar for heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen.

Denne rettleiaren dannar grunnlaget for rapporten som her ligg føre. Oppsettet er i stor grad henta frå rettleiaren.

Definisjon av kva som ligg i uttrykket «samfunnstryggleik», har kommunen nytta lik definisjon som fylkesROS: *«Samfunnet sin evne til å hindre uønskte hendingar, redusere skadeverknaden når dei skjer og evna til å kome tilbake til ønskja normaltilstand så snart som mogleg etter at dei har skjedd».*

**Risiko** er ein vurdering av om ein hending kan skje, kva konsekvensane vil bli og usikkerheit knytt til dette.

**Sannsynleghet** vert nytta som mål på kor truleg kommunen meiner ei hending vil inntreffe, innanfor eit tidsrom, gjeve vår bakgrunnskunnskap.

**Sårbarheit** er eit uttrykk for dei problem eit system får med å fungere når det vert utsett for ei uønskt hending, samt dei problema systemet får med å ta opp att verksemda si etter at hendinga har inntreft (NOU 200:24). Sårbarheit seier med andre ord noko om kva slags evne systemet har til å stå i mot ei hending, og systemets evne til å tolke ei hending viss den først inntreffer. Eit system kan i denne samanheng vera både tekniske delsystem som for eksempel infrastrukturar og større organisatoriske system som ein kommune.

**Usikkerheit** knyter seg til om, og eventuelt når, ein bestemt ønskt hending vil bli. Avmerking av usikkerheit handlar om kunnskapsgrunnlaget for risiko- og sårbarheitsvurderinga av hendinga. Er relevante data og erfaringar tilgjengelege? Er hendinga/fenomenet som vurderast godt nok forstått? Er deltakarane einige= Viss svaret er «nei» på eitt eller fleire av desse spørsmåla, vurderast usikkerheita som høg.

**Styrbarheit** seier noko om i kva grad kommunen kan kontrollere/styre risikoen knytt til ein gitt hending. Kor lett er det å implementere tiltak som reduserer sannsynlegheita for at hendingar kan

inntreffe? Kor lett er det å sette i verk tiltak for å redusere konsekvensar av hendinga, eller tiltak for å auke beredskapen? Styrbarheita kan angjevast med ein tredeling: låg, middels eller høg.

**Kritiske samfunnsfunksjonar** er oppgåver som samfunnet må oppretthalde for å ta i vare befolkningas sikkerheit og tryggleik. Dette er leveransar som dekkjer befolkningas grunnleggjande behov.

For Tysnes kommune er følgjande samfunnsfunksjonar vurdert som kritiske.

Kritiske samfunnsfunksjonar	
1.	Forsyning av mat og medisinar
2.	Ta i vare behov for husly og varme
3.	Forsyning av energi
4.	Forsyning av drivstoff
5.	Tilgang til elektronisk kommunikasjon
6.	Forsyning av vatten og avlaupshandtering
7.	Framkome for personar og gods
8.	Oppfølging av særleg sårbare grupper
9.	Naudsynte helse- og omsorgstenester
10.	Naud- og redningsteneste
11.	Kommunens kriseleriing og krisehandtering

**Samfunnsverdiar og konsekvensar** - Når me skal vurdere dei ulike hendingane sine konsekvensar, knytast desse opp mot samfunnsverdiane liv og helse, stabilitet, natur og miljø og materielle verdiar. Desse består igjen av ulike konsekvenstypar som skissert i tabell under.

Befolkninga si sikkerheit og tryggleik	
Samfunnsverdi	Konsekvenstype
Liv og helse	Dødsfall Skadar og sjukdom
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov Forstyrningar i dagleglivet Kommunen sitt omdøme Kommunal tenesteproduksjon
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø Langtidsskadar på kulturmiljø/kulturminne
Materielle verdiar	Økonomiske tap Samfunnsmessig økonomisk tap

## Identifikasjon av uønskte hendingar

### Kriterium som grunnlag for identifisering

- Uønskte hendingar med potensielt store konsekvensar
- Uønskte hendingar som rører ved fleire sektorar og ansvarsområde og som krev samordning
- Uønskte hendingar som går ut over kommunen sin kapasitet til handtering ved hjelp av ordinære rutinar og redningsteneste
- Uønskte hendingar som skaper stor frykt og uro i befolkninga

## Inndeling av analysen – uønskte hendingar

### Naturhending

1. Ekstrem nedbør – flaum i elver og bekkar
2. Sterk vind som gjer skade
3. Skred, jord og steinsprang

### Natur, menneske og dyr

4. Utslepp, avløp og punktutslepp
5. Legionella
6. Epidemi og pandemi
7. Smittsam dyresjukdom
8. Radongass i bygg

### Store ulykker

9. Vegtrafikkulykke
10. Luftfartsulykke, båtulykke og båthavari
11. Akutt forureining
12. Svikt i damanlegg
13. Brann i offentlege bygg, hotell og store arrangement ute

### Tilsikta hendingar

14. Vald i nære relasjoner
15. Sabotasje og valdeleg anslag mot menneske eller objekt
16. Pågående livstrugande vald og skuleskyting
17. Organisert kriminalitet
18. Radikalisering
19. Kriser og hendingar i utlandet, terror

### Kritiske samfunnfunksjonar

20. Forsyning av medisin og drivstoff, matmangel
21. Energi og ivaretaking av behov for husly og varme
22. Framkome for personar og gods
23. Brot i telesamband, stopp i internett og datasystem
24. Drikkevatn, bortfall og forureining
25. Oppfølging av særleg sårbare grupper, nødvendige helse- og omsorgstenester
26. Naud- og redningstenester
27. Kommunens kriseleiing og krisehandtering
28. Atomulykke

## Samla risiko- og sårbarheitsvurdering for Tysnes kommune

I den samla ROS-vurderinga har kommunen nytta følgjande gradering innanfor ulike kategoriar.

**Sannsynlegheit:** Vurdert i ein skala frå A til E, frå svært høg sannsynlegheit til svært låg.

Kategori	Tidsintervall	Sannsynlegheit (per år)	Forklaring
----------	---------------	-------------------------	------------

<b>E</b>	Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år	< 10 %	Svært høg
<b>D</b>	1 gong i løpet av 10 til 50 år	2 – 10 %	Høg
<b>C</b>	1 gong i løpet av 50 til 100 år	1 – 2 %	Middels
<b>B</b>	1 gong i løpet av 100 til 1000 år	0,1 – 1 %	Låg
<b>A</b>	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1000 år	< 0,1 %	Svært låg

**Konsekvens:** Vurdert i ein skala frå 1 til 5 der 5 er mest alvorleg.

Kategori	Forklaring
1	Svært små konsekvensar
2	Små konsekvensar
3	Middels konsekvensar
4	Store konsekvensar
5	Svært store konsekvensar

Sannsynlegheitsvurdering og konsekvensvurdering vert samanstilt i felles matrise for å synne risikoen. Raud farge krev tiltak, gul farge krev nærmere vurdering av tiltak medan grøn farge er risiko kommunen vel å akseptere.

Sannsyn \ Konsekvens	1 Ingen	2 Ubetydeleg	3 Mindre alvorleg	4 Alvorleg	5 Svært alvorleg
Sannsyn					
E Svært sannsynleg	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud
D Sannsynleg	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud
C Mindre sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Gul	Gul
B Lite sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Gul
A Svært lite sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Gul

Konkretisering av konsekvens innan gitte samfunnsverdiar.

#### Liv og helse

Kategori	Dødsfall		Kategori	Skadar og sjukdom
			1	1 – 2
1	Ingen		2	3 – 5
2	1 – 2		3	6 – 20
3	3 – 5		4	20 – 100
4	6 – 10		5	> 100
5	> 10			

#### Stabilitet – Manglande dekning av grunnleggjande behov

Befolkning manglar mat, drikkevatten, varme og medisinar som følge av hendinga.

Tal på råka \ Varigheit	< 50 personar	50 – 200 personar	200 – 1000 personar	> 1000 personar
Varigheit	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3
< 1 dag				

1 – 2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
2 – 7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
> 7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5

#### Stabilitet – Forstyrringar i daglelivet

Befolkinga får ikkje kommunisert via ordinære kanalar, kjem seg ikkje på jobb eller skule, manglar tilgang til offentlege tenester, infrastrukturar og varar.

Tal på råka Varigheit	< 50 personar	50 – 200 personar	200 – 100 personar	> 1000 personar
< 1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3
1 – 2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
2 – 7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
> 7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5

#### Natur og miljø

Konsekvenskategori 1 til 5 for skade på naturmiljø angjevest som kombinasjon av geografisk utbreiing og varigheit på skade. Utbreiing vert angjeve som eit område i km<sup>2</sup> eller som km. Dette vert spesifisert i den einskilde analyse.

Utbreiing Varigheit	< 3 km <sup>2</sup> /km	3 – 30 km <sup>2</sup> /km	30 – 300 km <sup>2</sup> /km	> 300 km <sup>2</sup> /km
< 1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3
1 – 2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

#### Natur og miljø – skade på kulturmiljø

Tap og/eller øydelegging av kulturmiljø og kulturminne vert angjeve ut frå status på freding/verneverdi og graden av øydelegging.

Status/verdi Grad av	Verneverdige kulturminne	Verneverdig kulturmiljø	Freda kulturminne	Freda kulturmiljø
Omfattande øydelegging	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3
Avgrensa øydelegging	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

#### Materielle verdiar

Direkte kostnadar som følgje av hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigedom, handtering og normalisering. Vurdert i høve til kommuneøkonomi.

Kategori	Økonomiske tap
1	< 1 mill. kr.
2	1 – 10 mill. kr.
3	10 – 90 mill. kr.
4	90 - 300 mill. kr.
5	> 300 mill. kr.

### Angjeving av usikkerheit – låg eller høg

Usikkerheita vurderast som **høg** viss ein eller fleire av dei følgjande føresetnadane er oppfylt:

- Relevante data og erfaringar er utilgjengelege eller upålitelege
- Hendinga eller fenomenet som analyserast er dårleg forstått
- Det er manglande einigkeit blant ekspertane som deltek i vurderinga

I motsett fall vurderast usikkerheita som **låg**.


### Angjeving av styrbarheit

Følgjande kvalitative kategoriar vert nytta for klassifisering av styrbarheit:

- Høg: Kommunen kan kontrollere/styre
- Middels: Kommunen kan påverke
- Låg: Kommunen kan ikkje påverke

## Risiko og sårbarheitsvurdering etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

I arbeidet er det gjort vurderingar av kva hendingar som kan inntreffe, sannsynet for at dei inntreff og kva slags konsekvens desse hendingane kan få. Sårbarheitsvurderinga tek utgangspunkt i systema som vert utsett for hendingar eller påkjenningsar. Sårbarheitsvurderinga skal sei noko om kor motstandsdyktige systema våre er for påkjenningsar og evna til å gjenopprette. Kva toler dei og når sviktar dei? Figuren under skildrar prosessen, frå førebyggjande tiltak til hendinga inntreff og kva konsekvensreduserande barrierar som finst. (Kjelde: DSB)



Risiko og sårbarheit med konsekvens, konsekvensreduserande tiltak og mottiltak er vurdert konkret i analysane for den enkelte hending. Vurderinga dannar konkret grunnlag for tiltak, utarbeidning av handlingsplan og oppdatering av beredskapsplanar. Det følgjande er ein oppsummering av hendingane opp mot forskrifta si § 2 a-f.

I tabellen under skildrar kommunen korleis dei ulike uønskte kriserelaterte hendingane står ved dei forskjellige kritiske samfunnsfunksjonane.

Nr.	Uønskt hending	Vurdering						Kritiske samfunnsfunksjonar som vert råka										
		Sannsynlegheit	Konsekvens	Risiko	Befolkningsvarsel	Evakuering	Usikkerheit	Styrbarheit	1. Forsyning av mat og medisinar	2. Ivaretaking av behov for husly og varme	3. Forsyning av energi	4. Forsyning av drivstoff	5. Tilgang til elektronisk kommunikasjon	6. Forsyning av vatn og avløpshandtering	7. Frankome for personar og gods	8. Oppfølging av særleg sårbare grupper	9. Nødvendige helse- og omsorgstenester	10. Nød- og redningsteneste
<b>Naturhending</b>																		
1	Ekstrem nedbør – flaum i elver og bekkar	A	2	X		L	M								X	X	X	
2	Sterk vind som gjer skade	B	4	X	X	L	L	X	X	X			X	X	X	X	X	
3	Skred, jord og steinsprang	C	1	X		L	H						X					
<b>Natur, menneske og dyr</b>																		
4	Utslepp, avløp og punktutslepp	C	2	X		L	M					X						
5	Legionella	C	2			M	H											
6	Epidemi og pandemi	B	4			H	M					X	X	X			X	
7	Smittsam dyresjukdom	E	1	X		L	H											
8	Radongass i bygg	D	1			L	H											
<b>Store ulykker</b>																		
9	Vegtrafikkulykke	C	3	X	X	L	M					X		X	X			
10	Luftfartsulykke, båtulykke og havari	D	2	X	X	L	L										X	
11	Akutt forureining	C	3	X	X	H	H		X				X	X			X	
12	Svikt i damanlegg	B	3	X	X	L	H		X				X	X				
13	Brann i offentlege bygg. Hotell og	C	2		X	L	H		X								X	

	store arrangement ute																		
<b>Tilsikta hendingar</b>																			
14	Vald i nære relasjonar	E	3			L	L									X	X		
15	Sabotasje og valdeleg anslag mot menneske eller objekt	D	1		X	L	H									X			
16	Pågående og livstrugande vald og skuleskyting	D	1		X	X	H	L								X	X		
17	Organisert kriminalitet	D	1			L	L									X	X		
18	Radikalisering	D	1			L	L										X		
19	Kriser og hendingar i utlandet, terror	C	3			L	H									X	X		
<b>Kritiske samfunnfunksjonar</b>																			
20	Forsyning av medisin og drivstoff, matmangel	C	5		X	X	L	L	X				X			X	X	X	X
21	Energi og ivaretaking av behov for husly og varme	C	5		X	X	L	H		X			X	X		X	X		X
22	Framkome for personar og gods	D	2		X		L	L								X			
23	Brot i telesamband, stopp i internett og datasystem	D	4				L	H					X						
24	Drikkevatn, bortfall og forureining	D	4		X		L	H							X		X		
25	Oppfølging av særleg sårbare grupper, nødvendige helse- og omsorgstenester	C	2			L	H									X	X		
26	Naud- og redningstenester	D	3		X	X	L	M		X	X					X		X	X
27	Kommunens kriseleiing og krisehandtering	E	3		X	X	L	H		X	X					X		X	X
28	Atomulykke	C	5		X	X	H	L	X	X				X		X	X		X

## Identifikasjon av risikoreduserande tiltak

Arbeidsgruppa har jobba systematisk forslag til tiltak knytt til kvar enkelt hending i overordna ROS. Tiltaka i denne ROS-rapporten skal innarbeidast i beredskapsplanverket og ein har fordelt det vidare oppfølgingsansvaret i organisasjonen. Hendingane er i tillegg vurdert i høve til om kommune kan styre (S) eller påverke (P).

Nr.	Område	Ansvarleg etat og eining
<b>Naturhending</b>		
1.	<b>Ekstrem nedbør, flaum i elver og bekkar</b>	
Ein torsdag sist i november rundt kl. 18.00 kjem eit varsla uvær i form av ekstrem nedbør. Det er lett frost på bakken og nedbøren følgjer vassdrag og renner på overflata. Fleire fylkesvegar vert stengd på grunn av at stikkrenner ikkje kan ta unna vatnet og vegane vert grava over. FV 79 vert stengd rett nord for Sekkvatnet etter at vegen er grava over av vatn på avvege. Det kjem vatn i kjellarar og i Uggdal går mesteparten av vatnet nedover langs R49 og renner på nedsida der det er mogleg.		
S	Oppfølging av Reisvassdraget i samsvar med NVE sine føringar	Landbrukskontoret
S	Vegvedlikehald, med særskilt fokus på stikkrenner og grøftereinsk	Teknisk drift og vedlikehald
S	Plan og byggesak, unngå utbygging i flaumutsette områder	Plan, forvaltning
P	Laging av rundballar i landbruket	Landbrukskontoret
S	Trening på befolkningsvarsling	Sentraladministrasjonen
2.	<b>Sterk vind som gjer skade</b>	
Ein måndag i januar startar ein lengre periode med ekstrem sterkt vind og stort snøfall. Trær bles over ende over vregar og ned på kraftlinjer, straumen kjem og går. Det er generelt farleg å ferdast ute, særleg i fjellet. Det kjem såpass mykje snø at det er vanskeleg å brøyte fort nok til å halde ope. Heimehjelpa har problem med å nå fram til heimebuande som har pleiebehov.		
S	Kartlegging av drivstofflagre	Brann og redning
S	Etablere kritiske funksjonar på omsorgssenteret	Sentraladministrasjonen
P	Bruk av satellittelefonar for naudtenestene	Sentraladministrasjonen
P	Kommunisere ut trøng for eigeberedskap til innbyggjarar	Sentraladministrasjonen
S	Øving	Sentraladministrasjonen
P	Samarbeid med andre beredskapsaktørar om planverk	Brann og redning, Sentraladministrasjonen
3.	<b>Skred, jord og steinsprang</b>	
Ein onsdag i mai går eit større steinras langs FV79. Det skadar ikkje menneske eller hus, men vegen vert stengd ein periode.		
S	Ikkje trøng for særskilte tiltak utover alminneleg varsling om omkjøring	
<b>Natur, menneske og dyr</b>		
4.	<b>Utslepp, avløp og punktutslepp</b>	
Avløpsanlegget i Onarheim slepp ut ureinsa kloakk i haustferieveka.		
S	Forsterka rutinar for gravemelding og påvising av leidningsnett i heile kommunen	Teknisk drift og vedlikehald
S	Systematisk innmåling av heile leidningsnettet med GPS	Teknisk drift og vedlikehald
P	Gjennomgang og eventuelt revisjon av rutinar for inspeksjon av	SIM (IKS)

	slamavskiljarar	
<b>5. Legionella</b>		
Ein fredag i november vert det konstatert at ein person på 83 år har fått legionella som gjest på ein mindre reiselivsbedrift i Tysnes kommune. Fleire gjester frå same pensjonistforeining som har budd der ei veke, har vorte därlegare utover dagen. Det er uavklart om tidlegare gjestar har vorte sjuke eller kven som har vore gjestar der i seinare tid.		
S	Kjeldeidentifisering og sporing Stenging av kjelde	Teknisk drift og vedlikehald og kommuneoverlege
S	Oppdatere beredskapsplan/smittevernplan	Sentraladministrasjonen og kommuneoverlege
S	Behandling av pasientar	Helse
S	Kontroll av anlegg der legionella kan oppstå	Teknisk drift og vedlikehald og kommuneoverlege
S	Kompetanseheving lovverk	Kvar eining med potensiell smittekjelde
<b>6. Epidemi og pandemi</b>		
På hausten bryt det ut ein uvanleg kraftig influensa som slår ut store deler av befolkninga i Noreg samtidig. Dette rammer også Tysnes kommune. Det er store problem med å skaffe avløysarar i landbruket, driftsoperatørar til tekniske installasjoner, samt alle administrative ledd som vert sjuke.		
S	God informasjonsformidling lokalt, informasjon og råd frå myndighetene	Ordførar og KKL
S	God informasjonsformidling regionalt/sentralt, samarbeid med omkringliggjande kommunar, informasjon og råd frå myndighetene	KKL/redaksjon vidareformidlar
S	Oppdatert smittevernplan	Kommuneoverlege
S	Auka reinhald, trafikklysmodell for skular og barnehagar, omdisponering av personell for å redusera konsekvens i tenesteproduksjon	Kvar eining
S	Lokale forskrifter	KKL/kommuneoverlege - kommunestyre
S/P	Beredskapslager smittevernutstyr	Kommuneoverlege
S	Oppdaterte kontinuitetsplanar – redusert tenestetilbod	Kvar eining
S	Omdisponering av personell til vaksinering og eventuelt andre relevante helsemessige tiltak	Kvar eining
<b>7. Smittsam dyresjukdom</b>		
Mattilsynet har 25.november vedteke å definere risikoområde som beskrive i « <i>Forskrift om midlertidige førebyggande tiltak for å hindre smitte av høypatogen aviær influensa frå ville fugler til fjørfe og andre fugler holdt i fangenskap</i> ». Områda som vert omfatta er Vestland og Rogaland fylke. Lista kan verte utvida om situasjonen endrar seg. 1.desember får Tysnes kommune beskjed om at det er funne influensavirus A(H5N8) i kommunen. Funnet er i ein liten hønseflokk som vert halde som hobby. Det vert opplyst at eigaren har kjøpt inn 20 høns frå Rogaland og at 10 høns er seld vidare til andre som held høns som hobby i fleire kommunar i Sunnhordaland.		
S	Kartlegging av fuglehald for hobbybasis og som yrkesveg	Landbrukskontoret
P	Bistå Mattilsynet med omsyn til oppfølging av tiltak	Landbrukskontoret
P	Informasjonstiltak	Landbrukskontoret
S	Veterinærvakt	Landbrukskontoret

P	Oppfordring og informasjon om registreringsplikt og – ordning	Landbrukskontoret
S	Smittevernsråd med sikte på å førebyggje zoonotisk smitte etter tilrådingar	Kommuneoverlegen
<b>8. Radongass i bygg</b>		
Kartlegging viser at eit bygg kommunen har kjøpt for å leige ut har store konsentrasjonar av radongass. Bygget er allereie leidt ut og teke i dagleg bruk av pensjonist forbundet.		
S	Gjennomgang av og eventuelt revisjon av rutinar for radonmåling i bygg til uteleige	Teknisk drift og vedlikehald
<b>Store ulykker</b>		
9.	<b>Vegtrafikkulykke</b>	
Ein torsdag i februar kører ein turistbuss frå Våge til Onarheim av vegen i krysset Fjellvegen/Hagaresvegen. Bussen har med seg eit reisefølge frå Kina som er på veg til eit avtalt bedriftsbesøk. Fleire av passasjerane vert hardt råka og 2 personar er stadfesta omkomne. Passasjerane snakkar berre kinesisk men har med seg ein tolk som er blant dei skadde.		
S	Etablere omkjøring - merking og varsling	Kommunen og fylkeskommune, helse
S	Betre brøyting/strøing	Teknisk drift og vedlikehald
S	Beredskapsplanar som inkluderer ressurs for tolk	Sentraladministrasjonen
S	Etablere pårørande senter	KKL/lokalt samlingspunkt
S	Informasjonsformidling	Ordførar
<b>10. Luftfartsulykke, båtulykke og havari</b>		
15.juli kl. 23.45 får Tysnes kommune melding om at eit fly med 45 passasjerar på veg til Flesland har styrt på Reksteren. Nøyaktig lokalisering og skadeomfang er ukjend.		
S	Oppdatere beredskapsplanar	Administrasjon
S	Øving på hending	Naudetatar med Tysnes brann og redning, KKL/kommunale tenester
S	Pårørandesenter	KKL/lokalt samlingspunkt med ansvarleg
S	Informasjonsformidling	Ordførar
P	Oversikt over og tilgang på ressursar ved redning avhengig av stad/nedslagsfelt	KKL
<b>11. Akutt forureining</b>		
Tysdag kveld i påskeveka velter eit vogntog med ammoniakk av vegen ved rundkjøringa i Våge sentrum. Tanken får store skadar og veske renner ut. Sjåføren er kommunalt tilsett og dør momentant i ulykka. Brannvesen, politi og ambulanse er raskt på staden.		
S	Utarbeide rutinar for dagleg og vektentleg kontroll av større kjøretøy	Teknisk drift og vedlikehald
S	Forsterka og revidera innsatsplanar for brannvesenet sin innsats mot farleg-gods	Tysnes brann og redning
S	Anskaffa splashdrakt (vernebekledning) for bruk i brannvesenet	Tysnes brann og redning
<b>12. Svikt i damanlegg</b>		
Det skjer ein svikt i damanlegg i ein periode med mykje nedbør i juni og store vassmengder sleppast		

ut før det vert stoppa.		
S	Forsterka internkontroll for oppfølging av dammar.	Damleder (prosjektsjef) jf. damsikkerhetsforskriften § 2-3
S	Gjennomføra beredskapsøving der hendinga er flaum med påfølgande svikt i damanlegg.	Kommunal kriseleiing (KKL)
<b>13. Brann i offentlege bygg, hotell og store arrangement ute</b>		
I vinterferien bles det sterk vind og torsdag natt kl. 04.05 bryt det ut brann i kjøkenet på eit hotell i kommunen. Vinden gjer at brannen får godt tak og den spreiar seg raskt til resten av bygget. Brannalarmen går, rutinane fungerer og alle kjem seg velberga ut til samlingsplass før brannvesenet er på staden. Kort tid etter brannvesenet har kome til staden, kjem melding om brann i ein turistbedrift utan vegforbindelse. Situasjonsbiletet er uavklart.		
S	Kartlegging av moglege støtteressursar for å koma fram må vurderast slik som båt, samt oversikt over eksterne og interne ressursar	
P	Konkretisere samarbeidet med Vest brann og redning for stabsstøtte	
<b>Tilsikta hendingar</b>		
<b>14. Vald i nære relasjonar</b>		
Vald i nære relasjonar omfattar ulike formar for vald og overgrep mellom noverande og tidlegare familiemedlem, og den omfattar også barn som er vitne til valden. Negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting fell også inn under omgrepet.		
S	Kurs og opplæring	Eining barn og familie
S	Styrka informasjon til sårbare grupper	Eining barn og familie
S	Plan mot vald i nære relasjonar	Eining barn og familie
S	Sikra deltaking og integrering i fritidsaktivitetar for born og unge	Oppvekst og kultur
S	Styrka samarbeidet med friviljuge organisasjonar	Frivilligsentralen
S	Tilgjengeliggjera informasjon på fleire språk	Eining barn og familie
<b>15. Sabotasje og valdeleg anslag mot menneske eller objekt</b>		
Første skuledag etter jul oppdagar rektor ved Onarheim skule at heile skulen er overfløymd av vatten og det renner vatten overalt. Det viser seg at det er sett på vatn i alle brannslangar og servantar, som er tetta igjen. Skadane er så omfattande at skulen må stengast i lang tid og det må skaffast alternative lokalar. På veggane r det skrive grove slagord med svært hatefulle ytringar mot minoritarar og framandkulturelle.		
S	Rasisme og vandalisme på dagsordenen både i elev- og foreldregruppa	Rektor skule
S	Opplæring og haldningsskapande arbeid i lag med politi	Rektor skule
S	Vassikring og vassovervåkning	Teknisk drift og vedlikehald
<b>16. Pågåande og livstrugande vald, skuleskyting</b>		
Ein person i 20-åra med skjerf framfor andletet kjem inn på Uggdal skule kl. 10.15 ein tysdag og byrjar å skyte rundt seg i gangane med hagle. Han har også med seg kniv. Skotene vert ikkje retta mot menneske direkte, men han skyt på lamper og gjenstandar. Etter kvart forlét han skulen og går i retning av rådhuset med hagla klar. Han er tydeleg i ubalanse, roper og skriker ukvensord om skulen – no skal også barnevernet få besøk. Ein sakshandsamar i barnevernet har tidlegare motteke trugsalar på e-post om at noko slikt kom til å skje, utan at politiet har klart å finne ut kven som er avsendar.		
S	Etablara varslingsrutinar	Skuleigar og rektor

S	Etablera evakueringsplan for viljestyrte hendingar	Skuleeigar og rektor
S	Samordna øving (Politi, brannvesen, KKL, oppvekst, helse)	KKL
<b>17. Organisert kriminalitet</b>		
I samtale med sosialrådgjevar blir det avdekt at tre ungdomar på Tysnes skule er sterkt involvert i omsetjing av narkotiske stoffar. Dei er under sterkt press frå bakhjem og redde for liv og helse.		
S	Oppdatera kunnskap til dei som jobbar med barn og unge	Oppvekst
S	Styrka samarbeid med politi	Oppvekst
<b>18. Radikalisering</b>		
Det vart hausten 2021 avverja at to 17 år gamle etnisk norske jenter frå Reksteren reiste til Syria for å gå inn i IS.		
S	Styrka inkludering, spesielt retta mot born og unge	Oppvekst
P	Halda på eit skyssopplegg som gjer at dei fleste elevane våre kan bu heime når dei går på vidaregåande	Fylkeskommunen
S	Opplysning av foreldregenerasjonen om faresignal	Oppvekst
S	Styrke samarbeid med politi	Oppvekst
<b>19. Kriser og hendingar i utlandet, terror</b>		
Ein familie frå Tysnes kommune dør i eit terrorangrep på ferie i Tyrkia. Familien består av mor, far, ei jente på 4 år barnehage og ein gut på 13 som går på ungdomsskulen.		
S	Oppdatera plan for KKL (kommunal kriseleiing) og Plan for livskriser	KKL
S	Planar og krisehandtering må takast opp på dei ulike einingane med jamne mellomrom	Alle einingsleiarar
<b>Kritiske samfunnsfunksjonar</b>		
<b>20. Forsyning av medisin og drivstoff, matmangel</b>		
I september bryt det ut storstreik i oljebransjen, slik at bensinstasjonane raskt går tomme for drivstoff. Dette fører til at transportbransjen stoppar opp, slik at butikkar går tomme for mat og apoteket går tomt for medisinar. Etter kvart fører det til at alle fossile køyretøy går tom for drivstoff.		
S	Beredskapsplan, inkludert plan for rasjonering, og evt. lager	Sentraladministrasjon
P	Plan for forsyning av diesel frå bønder/entreprenørar til aggregatdrift	Prosjekt
S	Beredskapslager	Teknisk drift og vedlikehald
P	Tilrettelegge for å auke lokal eigenproduksjon/forsyning raskt	KKL
<b>21. Energi og ivaretaking av behov for husly og varme</b>		
I romjula kjem det eit uvêr som fører til at el-forsyninga i kommunen vert borte 5 dagar, og vassforsyninga stoppar. Det er ein kald desember månad og temperaturen ligg jamt på minus 4 gradar.		
S	Etablara rutinar for befolkningsvarsling når dei etablerte kommunikasjonskanalane (telefon, SMS og internett) er ute av drift	Kommunal kriseleiing (KKL)
S	Anskaffa utstyr og rutinar for distribuering av naudvatn	Prosjekt
S	Tilrettelegge for aggregatdrift av reinseanlegga for vatn. Vurdera tilrettelegging av aggregatdrift for pumpestasjonar for å hindra overløp av spillvatn	Teknisk drift og vedlikehald
S	Kartlegge aggregat i kommunen, private og offentleg eigde	Teknisk drift og

		vedlikehald
S	Etablera ein plan for tilsyn av born som har foreldre i samfunnskritiske funksjonar	Oppvekst
S	Oppdatera og forsterka evakueringsplan	Kommunal kriseleiing (KKL)
<b>22. Framkome for personar og gods</b>		
Ein teknisk svikt fører til at ferja til Hodnanes kolliderer med ferjeleie i høg fart. Det går bra med alle passasjerane, men det er store materielle skadar på både båt og bilar. Ferjekaia er totalt øydelagt og må renoverast/byggast opp på nytt. Det er usikkert kor lang tid dette vil ta.		
P	Etablera omkjøring via ferjesambanda Sandvikvåg – Halhjem og vidare med ferje Halhjem – Våge	Vestland fylkeskommune
P	Sette inn reserveferje på strekninga Huglo – Jektevik	Vestland fylkeskommune
S	Etablera dialog med Helse Fonna sin ambulansebåt og vurdera å auke beredskapen for pasienttransport og eventuelt stasjonering av båt på Tysnes	Kommunal kriseleiing (KKL)
<b>23. Brot i telesamband, stopp i internett og datasystem</b>		
Måndag kl. 12.00 vert Tysnes kommune utsett for eit hackerangrep. Operativsystemet vert sett ut av drift og serverane vert forsøkt tappa for informasjon. IT-avdelinga må kutte alle nettforbindigar til sine servere, noko som fører til at tilsette mistar både mail, journaltilgang og alle andre saksbehandlingssystem i 48 timer. Dette medfører at tenesteområde frå alle sektorar kan verte sett ut av drift i større eller mindre grad, eller at alternative løysingar må nyttast.		
S	Etablera rutinar for drift av telefonsentral på nettbrett eller pc over telefonnettet	Sentraladministrasjonen
S	Styrka haldnings- og informasjonsarbeid mot brukarar av kommunen sine datasystem. Gjennomføra simulert phishing-angrep	Sentraladministrasjonen
S	Midlertidig styrking av ressursar i helse og omsorg for å sikra at oppfølging og dokumentasjon vert ivaretaken	Helse og omsorg
<b>24. Drikkevatn, bortfall og forureining</b>		
Ein svært kald onsdag i januar kl. 11.15 oppstår det ein stor lekkasje i ein kum som fører til at drikkevatnet i Uggdal forsvinn. Vatnet frys i og rundt kummen og det tek eitt døgn å få reparert feilen. Prøver teke same dag viser at det har kome E-coli i vatnet. Dette held fram i ei veke før vatnet er reint.		
S	Lagerføra utstyr for å etablera bypass av kum gjennom det ordinære leidningsnettet eller provisorisk leidningsnett	Teknisk drift og vedlikehald
S	Anskaffa utstyr og etablera rutinar for levering av naudvatn	Prosjekt
S	Utarbeida plan for å etablera vasspostar der reint vatn er tilgjengeleg	Teknisk drift og vedlikehald
S	Forsterke rutinar for kloring av leidningsnettet	Teknisk drift og vedlikehald
<b>25. Oppfølging av særleg sårbare grupper, nødvendige helse- og omsorgstenester</b>		
Tysnes kommune har motteke melding frå politiet om at det er oppdaga ein død person i eit bustadhus i Lunde. Den døde er ein einsleg lettare utviklingshemma person utan familie som kommunen har tilsyn med vekentleg. Det er tydelege teikn som viser at personen har vore død minst 12 veker.		
S	Forsterke/utarbeide rutinar ved manglande kontakt på tilsyn (Kven gjer kva, når).	Helse og omsorg

S	Jamleg opplæring på avvik	Kvalitetsrådgjevar, helse og omsorg
S	Planar og grensesnitt for samarbeid mellom tenestene	Helse og omsorg
<b>26. Naud- og redningstenester</b>		
I juli bryt det ut kraftig skogbrann. Den startar i området sør-aust ved Nordbustadvatnet med ein estimert radius på +/- 1 km. Dette løyser ut full uttrykking og engasjement frå kommunen, alle naudetatane, sivilforsvaret og frivillige organisasjonar.		
P	Leiarstøtteordning, tidleg innhenting av stabs- og operative ressursar frå VBR	Brann og redning
P	Har utstyr i tidlegfase, treng å mobilisera ressursar frå regionen og ressursar i kommunen ( t.d. røde kors, bønder med gyllevogner m.v.)	Brann og redning
S	Oversikt over diesel og bensintankar i digitale kart for å sikra tilgang til drivstoff dersom denne vert avskore av brannen. Dette er også nyttig for brannvesenet å kjenne til i samband med brann	Brann og redning
S	Samarbeid med skogbruksfagleg personell for å vurdera førebyggande og skadeavgrensande tiltak	Brann og redning, Landbrukskontoret
P	Opplæring av bønder og andre for å sikra bråtebrenning	Brann og redning, landbrukskontoret
S	Trene på krisekommunikasjon	Sentraladministrasjonen
<b>27. Kommunens kriseleiing og krisehandtering</b>		
I juli bryt det ut kraftig skogbrann. Den startar i området sør-aust ved Nordbustadvatnet med ein estimert radius på +/- 1 km. Dette løyser ut full uttrykking og engasjement frå kommunen, alle naudetatane, sivilforsvaret og frivillige organisasjonar. Det er midt i ferien og politiet ber kommunen kalle inn kriseleiinga. Rådmannen, ass.rådmann og to andre medlemmer er utanlands på ferie, og fungerande rådmann er ikkje ein del av kriseleiinga til dagleg. Ordføraren sjølv er på fisketur i Hardangerfjorden og mobiltelefonen ligg att i bilen.		
S	Oppdatera plan for KKL	Sentraladministrasjonen
S	Sikra at planen er eintydig på ansvar ved fråvær	Sentraladministrasjonen
P	Sikra at ikkje ferie reduserer kommunen sin kapasitet til å handtera hendingar	Sentraladministrasjonen
S	Gå gjennom plan for KKL og ajourføra den opp mot fråvær	Sentraladministrasjonen
S	Sikra at vararepresentantar er kjent med si rolle og at dei deltek i beredskapsøvingar	Sentraladministrasjonen
<b>28. Atomulykke</b>		
Onsdag 30.mars 2022 kl. 10.42 skjer ei alvorleg atomulykke ved kjernekraftverket Zaporizjzja i Ukraina som følgje av den russiske invasjonen. Kjernekraftverket som er Europas største er i brann og nedsmelting av kjerna er eit faktum. Det er registrert fleire kraftige eksplosjonar og eit ekstremt høgt nivå av radioaktiv stråling. Eksplosjonane har medført at 7-8 tonn kjernebrensel har vorte slynga ut frå reaktoren og bidreg til betydeleg nedfall av radioaktive stoff. Utsleppet inneholder flyktige gassar, spesielt radioaktivt jod, og kjernebrensel i form av uranpartiklar; frå ørsmå nanopartiklar til store fragment. Partiklane inneholder eit stort tal radioaktive fisjonsprodukt som radioaktive isotopar av cesium og strontium, aktiveringsprodukt som radioaktivt jern samt transuranar som plutonium.		
Det er eit kjend faktum at radioaktivt jod (isotopen $^{131}\text{I}$ ) har ein halveringstid på åtte dagar. Dei radioaktive cesium-isotopane $^{134}\text{Cs}$ og $^{137}\text{Cs}$ har halveringstid på 2,1 år og 30 år, medan strontium-		

isotopen $^{90}\text{Sr}$ har ein halveringstid på 28,8 år. Dette er dei viktigaste doseggjevande radionuklidene i utsleppet.		
Vinden bles nord-vest og det er venta nedbør i heile Skandinavia dei komande dagane. Direktoratet for strålevern (DSA) har varsla at utsleppet vil nå Noreg om 48 timer.		
S	Sikre at alle er kjend med plan for atomberedskap	Alle leiarar
S	Utarbeide plan for utdeling av jod-tablettar	Helse og omsorg
S	Utarbeide plan for heimebuande hjelpetrengande som må evakuerast til omsorgssenteret	Open omsorg og institusjon
S	Ha klart informasjonsmateriell for kjapt kunne informere befolkninga om situasjonen og tiltak	Sentraladministrasjon

## Risikohandtering – mål, strategiar og tiltak i plan for oppfølging

**Mål:** Kommunen skal med utgangspunkt i kartlagde hendingar i overordna ROS-analyse til ei kvar tid ha eit ajourført og oppdatert beredskapsplanverk som gjer kommunen i stand til å møte og utføre sine oppgåver i høve til både forutsette og uføresette hendingar med naudsynt tilgang på ressursar i form av personell, økonomi og utstyr.

**Strategi:** Kommunen skal aktivt nytte og revidera ROS-analysen som styringsdokument i alt planarbeid etter plan- og bygningslova og i anna planarbeid. Kommunen skal kontinuerleg trene for å oppretthalde og styrke sin beredskapsevne.

**Tiltak:** Kommunen skal lage ein handlingsplan med ansvarsfordeling og tidsfristar, i tråd med skjema for identifikasjon av risikoreduserande tiltak. Handlingsplanen skal vera eit «levande dokument» som skal arbeidast med systematisk, kor tiltaka vert arbeidd med steg for steg på eit slikt sett at det kan takast med i kommunen sitt budsjettarbeid. Er det noko som vert avdekka og som ikkje kan vente, må kommunen få det til vurdering med tanke på ekstraløyvingar.

## Slutning

Den nye overordna ROS-analysen til Tysnes kommune tek med seg erfaringane frå førre ROS, men med heilt nye CASE-analyser og oppbygging i tråd med tilråding frå DSB og Statsforvaltaren. Den heilskaplege ROS-analysen omtalar og vurderer utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur, og kva evne Tysnes kommune har til å oppretthalde verksemda ved kritiske hendingar.

Analysen syner at Tysnes kommune har generelt få risiko- og sårbarheitsfaktorar som krev umiddelbare tiltak, men har identifisert fleire forbetringspunkt som må arbeidast med systematisk frametter. Særleg sårbare område er bortfall av straum, internett og mobiltelefoni som utan tvil vil skape utfordringar ved ein langvarig situasjon. Liv og helse må alltid ha størst merksemd.

## Referansar

- ❖ Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsinstitusjoner – veileding i beredskapsplanlegging, Utdanningsdirektoratet, 2013
- ❖ Endelig rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt 2019, Fylkesmannen i Vestland
- ❖ Forskrift 22.august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt
- ❖ FylkesROS Hordaland 2015, Fylkesmannen i Hordaland
- ❖ Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall (forurensingsloven)
- ❖ Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)
- ❖ Lov 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven)
- ❖ Lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- ❖ Lov 7. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- ❖ Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner
- ❖ Meld. St. 29 (2011-2012): Samfunnssikkerhet
- ❖ Nasjonal beredskapsplan for pandemisk influensa, Helse- og omsorgsdep. 2006
- ❖ Nasjonalt risikobilde 2013, DSB 2013
- ❖ Norsk standard – Krav til risikovurderinger
- ❖ Plangrunnlag for kommunal atomberedskap, Statens strålevern m.fl. 2008
- ❖ Prop. 91 L (2009-2010) Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- ❖ Retningslinjer for flaum- og skredfare i arealplanar, Norges vassdrags- og energidirektorat 2011
- ❖ Veileder i bruk av elektronisk kommunikasjon for økt samfunnssikkerhet, Post- og teletilsynet 2014
- ❖ Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen, DSB 2014

## Vedlegg

### Heilskapleg ROS – Analyseskjema 1 – Ekstrem nedbør og flaum

Nr.	1 Uønskt hending	Ekstrem nedbør, flaum i elver og bekkar							
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>									
Ein torsdag sist i november rundt kl. 18.00 kjem eit varsla uvær i form av ekstrem nedbør. Det er lett frost på bakken og nedbøren følgjer vassdrag og renner på overflata. Fleire fylkesvegar vert stengd på grunn av at stikkrenner ikkje kan ta unna vatnet og vegane vert grava over. FV 79 vert stengd rett nord for Sekkvatnet etter at vegen er grava over av vatn på avvege. Det kjem vatn i kjellarar og i Uggdal går mesteparten av vatnet nedover langs R49 og renner på nedsida der det er mogleg.									
<b>Årsaker</b>									
Naturgjevne tilhøve									
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b>									
UMS varsling Brannpumper Flaumsikring av Reisvassdraget									
<b>Sannsynlegheit</b>		A	B	C	E Forklaring				
					x Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år				
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit:</b> 1 gong per 10 år eller oftare. Forventningar om meir ekstremnedbør									
<b>Sårbarheitsvurdering</b>									
<b>Område</b>		<b>Hendinga si påverknad på andre område/verksemd</b>			JA NEI				
Sentraladministrasjon		Normal funksjon, frigjering av noko ressursar mot KKL			x				
Kriseleiing		Vil bli etablert og vil ha tilgang på ordinære arbeidsverktøy			x				
Helse og omsorg		Vil kunne ha stor påverknad på heimebaserte tenester, tenester i institusjon vil oppretthaldast som normalt. Kan verta ei utfordring med reise til arbeidsstaden			x				
Oppvekst		Behov for tiltak på Reiso skule, skuleskiss og arbeidsreiser.			x				
Teknisk/Brann		Omdisponere alt personell til å handtere situasjonen, pumping, flaumvern, vegsikring med vidare			x				
Hytter/reiseliv		I første rekke knytt til skader ved vassinntrenging			x				
Landbruk/anna næring		Skade på mark og eigedom, rundballar lagra på jorder er ei særskilt utfordring.			x				
Innbyggjarar		Skade på eigedom, redusert mobilitet			x				
Andre kommunar					x				
<b>Konsekvensvurdering</b>									
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring						

		1	2	3	4	5							
Liv og helse	Dødsfall	x					I hovudsak risiko for trafikkulykker som følgje av overvatn						
	Skader og sjukdom		x				I hovudssak risiko for trafikkulukker som følge av overvatn						
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x											
	Forstyrring i dagliglivet			x			Avgrensa i tid, avgrensa effekt m.o.t. arbeidsreiser, reiser til og fra Onarheim vert særskilt råka. Gode omkjøringsmoglegheiter.						
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø		x				Avgrensa skader som følgje av utgravingar/erosjon						
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Avgrensa						
Materielle verdier	Økonomiske tap			x			Skader som følgje av elveerosjon m.a. opp mot Uggdal kyrkjegard. Noko skader som følgje av vassinnitrenging. Skader på veg						
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>													
Konsekvensen vil samla sett vera liten og hendinga blir plassert i kategori 2 – små konsekvensar.													
Behov for befolkningsvarsling		Ja, i hovudssak som følgje av stengde vegar. Ordinære varslingskanaler.											
Behov for evakuering		Nei											
Usikkerheit	Lav	<b>Grunngjeving</b> Har erfaring med ekstrem nedbør over tid.											
Styrbarheit	Middels	<b>Grunngjeving</b> Har ikkje påverknad på regnet, og avgrensa påverknad knytt til erosjon.											
<b>Forslag til tiltak</b>													
Oppfølging av Reisvassdraget i samsvar med NVE sine føringar. Vegvedlikehald, med særskilt fokus på stikkrenner og grøftereinsk. Plan og byggesak, unngå utbygging i flaumutsette områder. Lagring av rundballer i landbruket. Trening på befolkningsvarsling.													
<b>Overføringsevne</b>													
Vil ha overføringsverdi for ein del andre hendingar knytt til ekstremvær.													

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 2 – Sterk vind som gjer skade

Nr.	2 Uønskt hending	Sterk vind som gjer skade							
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>									
Ein måndag i januar startar ein lengre periode med ekstrem sterk vind og stort snøfall. Trær bles over ende over vegar og ned på kraftliner, straumen kjem og går. Det er generelt farleg å ferdast ute, særleg i fjellet. Det kjem såpass mykje snø at det er vanskeleg å brøyte fort nok til å halde ope. Heimehjelpa har problem med å nå fram til heimebuande som har pleiebehov.									
<b>Årsaker</b>									
Naturgevne tilhøve.									
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b>									
Varslingssystem via UMS Kommunikasjonsutstyr – satellittelefonar Aggregatdrift på omsorgssenteret og datarom Traktoraggregat på deler av rådhuset, legekontor, datarom og deler av sentraladministrasjonen. Brøyteberedskap Innsatsplanar innanfor brannområde. Høgdebasseng som buffer i vassforsyninga.									
Sannsynlegheit	A	B	C	D	E Forklaring				
			x		1 gang i løpet av 10 til 50 år				
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit:</b> Forventning om meir ekstremvær. 1 x per 10-50 år									
<b>Sårbarheitsvurdering</b>									
Område	Hendinga si påverknad på andre område/verksemد				JA NEI				
Sentraladministrasjon	Nedfall av kommunikasjonar, deler vil vera utan straum.				x				
Kriseleiing	Vert etablert i reservelokasjon.				x				
Helse og omsorg	Konsekvensar for open omsorg, helsetenester og arbeidsreiser til anna drift.				x				
Oppvekst	Konsekvensar for skule og barnehagar, skyss				x				
Teknisk/Brann	Sikring av lause gjenstandar, redningsoppdrag og arbeid for å halda vegar opne.				x				
Hytter/reiseliv	Vil bli råka som følgje av skade på kritisk infrastruktur				x				
Landbruk/anna næring	Vil bli råka både gjennom skader og nedfall av kritisk infrastruktur, straumutfall kan vera risiko i høve til dyrevelferd, materielle skader på skog.				x				
Innbyggjarar	Vil bli råka som følgje av skade på kritisk infrastruktur				x				
Andre kommunar	Vil i stor grad ha same problem, vert også råka som følgje av konsekvensar i våre tenester, m.a. legevakt.				x				
<b>Konsekvensvurdering</b>									
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring						

		1	2	3	4	5							
Liv og helse	Dødsfall	x					Ingen						
	Skader og sjukdom		x				3-5						
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov			x			>1000 personar 1-2 dg.						
	Forstyrring i dagliglivet			x			>1000 personar 1-2 dg.						
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø		x				3-30 km² > 10 år						
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Avgrensa øydelegging av verneverdige kulturmiljø						
Materielle verdier	Økonomiske tap		x				10 -90 mill. kr.						
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>													
Liten skade på liv og helse så framt folk held seg til tilrådingar om å halde seg innomhus. Ein viss risiko særskilt ved forflytning ute. Forventning om at kritisk infrastruktur (straum, internett og telefoni) fell vekk i kortare og lengre periodar. Skader på naturmiljø er særskilt knytt til skog. Skader på kulturmiljø er særskilt knytt til verneverdige naustmiljø med vidare. Økonomiske tap knytt til skader på eigedom og potensielle følgeskader. Risiko for bortfall av naudnett.													
<b>Behov for befolkningsvarsling</b>		Ja											
<b>Behov for evakuering</b>		Ja. Må liggja plan for eventuell evakuering											
Usikkerheit	Låg	<b>Grunngjeving</b> Har erfaringskompetanse.											
Styrbarheit	Låg	<b>Grunngjeving</b> Har ingen styring over hendinga, men kan dels kompensere konsekvensar.											
<b>Forslag til tiltak</b>													
Kartlegging av drivstofflagre Etablere kritiske funksjonar på omsorgssenteret. Bruk av satelitttelefonar for naudtenestene. Kommunisere ut trong for eigeberedskap til innbyggjarar. Øving Samarbeid med andre beredskapsaktørar om planverk.													
<b>Overføringsevne</b>													
Andre naturbaserte hendingar. Andre hendingar knytt til nedfall av kritisk infrastruktur.													

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 3 – Skred, jord og steinsprang

Nr.	3 Uønskt hending	Skred, jord og steinsprang	
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>			
Ein onsdag i mai går eit større steinras langs FV79. Det skadar ikkje menneske eller hus, men vegen vert stengd ein periode.			
<b>Årsaker</b> Naturgjevne tilhøve.			
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b> Beredskapsvakt for veg. UMS lokasjonsbasert varsling Varsling via ordinære kanaler. Rammeavtaler på entrepenørtenester.			
<b>Sannsynlegheit</b>		A B C D E Forklaring	
		x	
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit:</b> 1 gang i løpet av 50 – 100 år. Det er relativt sjeldan at det går større ras, i første omgang er det gjerne einskilde steinsprang.			
<b>Sårbarheitsvurdering</b>			
Område	Hendinga si påverknad på andre område/verksemd	JA	NEI
Sentraladministrasjon	Liten eller ingen påverknad.	x	
Kriseleiing	Vurdera behov opp mot eventuelt isolerte.	x	
Helse og omsorg	Omkøyring for tilsette og heimebaserte tenester	x	
Oppvekst	Omkøyring for skuleskyss.	x	
Teknisk/Brann	Eventuell bistand til vegeigar.	x	
Hytter/reiseliv	Liten eller ingen påverknad	x	
Landbruk/anna næring	Liten eller ingen påverknad	x	
Innbyggjarar	Omkøyring i samband med vegstenging	x	
Andre kommunar	Liten eller ingen påverknad.	x	
<b>Konsekvensvurdering</b>			
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring

		1	2	3	4	5							
Liv og helse	Dødsfall	x					Ingen						
	Skader og sjukdom	x					Ingen						
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x					Ingen						
	Forstyrring i dagliglivet	x					Ingen						
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Ingen						
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Ingen						
Materielle verdier	Økonomiske tap	x					Skader på fylkesveg.						
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>													
Liten skade på liv og helse, låg ÅDT.													
Liten risiko opp mot stabilitet då det er gode omkjøringsmoglegheiter for beboarar og andre som normalt nyttar denne vegen.													
Liten risiko for skade på natur og kulturmiljø.													
Liten risiko for økonomiske tap.													
<b>Behov for befolkningsvarsling</b>		Ordinær varsling, vurdera behov for UMS varsling.											
<b>Behov for evakuering</b>		Nei											
Usikkerheit	Låg	<b>Grunngjeving</b> Har tilstrekkeleg erfaringskompetanse											
Styrbarheit	Høg	<b>Grunngjeving</b> Kan ikkje styra hendinga, men har god styring på dei konsekvensar hendinga fører med seg.											
<b>Forslag til tiltak:</b> Ikkje trond for særskilte tiltak utover alminneleg varsling om omkjøring.													
<b>Overføringsevne :</b> Andre hendingar som fører til stenging av veg.													

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 4 – Utslepp, avløp og punktutslepp

Nr.	4 Uønskt hending	Utslepp, avløp og punktutslepp							
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>									
Avløpsanlegget i Onarheim slepp ut ureinsa kloakk i haustferieveka.									
<b>Årsaker</b>									
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leidningsbrot</li> <li>- Mekanisk svikt eller utvendig brot på slamavskiljar</li> <li>- Svikt eller andre innvendige feil på reinsettrinn i slamavskiljar</li> </ul>									
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b>									
Sannsynlegheitsreduserande - tiltak for å vera førebudd:									
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilsyn i samband med tøming av slamavskiljar</li> <li>- Gravemelding og påvisning av det kommunale leidningsanlegget til entreprenørar</li> </ul>									
Konsekvensførebyggjande - tiltak når noko har skjedd:									
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Varsla relevante innbyggjarar om å redusera forbruk</li> <li>- Avdekka og stansa utslepp</li> <li>- Vurdera tiltak som lenser, pumping eller spyling</li> </ul>									
<b>Sannsynlegheit</b>		A	B	C	D E Forklaring				
				x	1 gang per 50-100 år				
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit</b>									
Hendingar av mindre omfang, som ikkje vil krevja noko ekstraordinær innsats frå Tysnes kommune, vil inntreffa relativt ofte. Dette kan til dømes vera mindre brot på leidningsnettet i samband med gravearbeid som utførande verksemder reparerer umiddelbart på staden.									
Mellomstore og større utslepp er antatt å inntreffa 1 gang per 50-100 år basert på erfaringar med drift av leidningsnettet og reinseanlegg. Vidare analyse tek for seg dette scenarioet med eit større utslepp.									
<b>Sårbarheitsvurdering</b>									
<b>Område</b>		<b>Hendinga si påverknad på andre område/verksemrd</b>			<b>JA</b>				
Sentraladministrasjon					x				
Kriseleiing		Kriseleiing kan etablerast for oppfølging av større hending			x				
Helse og omsorg					x				
Oppvekst					x				
Teknisk/Brann		Brann kan bistå opprydding. Teknisk vil utføra utbedring.			x				
Hytter/reiseliv		Vil påverka lokalt rundt utsleppet.			x				
Landbruk/anna næring		Vil påverka lokalt rundt utsleppet.			x				
Innbyggjarar		Vil påverka lokalt rundt utsleppet.			x				
Andre kommunar		Må varslast. Særlig ved utslepp til sjø.			x				
<b>Konsekvensvurdering</b>									
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring						

		1	2	3	4	5					
Liv og helse	Dødsfall	X									
	Skader og sjukdom	X									
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov		X			Kan medføra kokevarsel på drikkevatn.					
	Forstyrring i dagliglivet			X		Kan medføra kokevarsel på drikkevatn. Kan medføra periodevis stans i vassforsyning for å avgrensa kloakklekkasjen.					
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	X									
	Langtidsskader - kulturmiljø		X			Utbetring kan komme i konflikt og skade kulturminne.					
Materielle verdier	Økonomiske tap	X									
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>											
Konsekvensen vil samla sett vera liten og hendinga blir plassert i kategori 2 – små konsekvensar.											
<b>Behov for befolkningsvarsling</b>		Ja. Kokevarsel, redusert forbruk, stengte vegar.									
<b>Behov for evakuering</b>		Nei.									
Usikkerheit	Lav	<b>Grunngjeving</b> Erfaring gjennom fleire års drift.									
Styrbarheit	Middels	<b>Grunngjeving</b> Kommunen eig og driftar anlegga sjølv og har dermed god kjennskap til anlegga. Kommunen driv ikkje vassforsyninga i Onarheim og er avhengig av bistand for å eventuelt stenga vatnet og senda kokevarsel.									
<b>Forslag til tiltak</b>											
Forsterka rutinar for gravemelding og påvising av leidningsnett i heile kommunen Auke kvalitet og nøyaktighet på leidningskart Gjennomgang og eventuelt revisjon av rutinar for inspeksjon av slamavskiljarar.											
<b>Overføringssevne</b>											
Hendinga kan forekomme alle stader med offentlig leidningsnett for spillvatn. Per i dag er dette aktuelt i bygdene Uggdal, Våge, Lunde og Onarheim.											

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 5 – Legionella

Nr.	5 Uønskt hending	Legionella							
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>									
Ein fredag i november vert det konstatert at ein person på 83 år har fått legionella som gjest på ein mindre reiselivsbedrift i Tysnes kommune. Fleire gjester frå same pensjonistforeining som har budd der ei veke, har vorte därlegare utover dagen. Det er uavklart om tidlegare gjestar har vorte sjuke eller kven som har vore gjestar der i seinare tid.									
<b>Årsaker</b>									
For låg temperatur i varmtvatnet, manglende reinhald i dysar/spabad, dusjanlegg, luftkjøleanlegg (bakterievekst), isbitmaskinar etc.									
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b>									
Rutinar for å unngå legionella, internkontrollsysten, kompetanse om tema, opplysninger frå offentlege myndigheter, lovverk (forskrift om miljørettet helsevern, kapittel 3a, Krav om å hindre spredning av Legionella via aerosol).									
Sannsynlegheit	A	B	C	D	E Forklaring				
			x		1 gang i løpet av 50 til 100 år				
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit</b>									
Det har ikkje vore kjente tilfelle i kommunen, men me har reiselivs-bedrifter der det kan oppstå ved manglende kunnskap om tema. Det varslast ca 40 tilfelle pr år i Noreg. To store utbrudd dei siste 20 åra.									
<b>Sårbarheitsvurdering</b>									
Område	Hendinga si påverknad på andre område/verksemrd				JA NEI				
Sentraladministrasjon	Blir neppe påverka				x				
Kriseleiing	Avhenger av omfang, bør samlast for å vurdera trøng for informasjon				x				
Helse og omsorg	Behandling, kjeldeidentifisering, lokale tiltak (stenging av dusj/badeanlegg, moglege kjelder). Kommuneoverlegen vert involvert ifht. miljøretta helsevern.				x				
Oppvekst					x				
Teknisk/Brann					x				
Hytter/reiseliv	Nedstenging av verksemda til årsak er identifisert og utbetra				x				
Landbruk/anna næring					x				
Innbyggjarar					x				
Andre kommunar	Kan vera trøng for varsling opp mot tilreisande som er i faresonen for utvikling av Legionella.				x				
<b>Konsekvensvurdering</b>									
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring						

		1	2	3	4	5							
<b>Liv og helse</b>	Dødsfall		x				Fare for liv						
	Skader og sjukdom			x			6-20 sjuke						
<b>Stabilitet</b>	Manglande dekning av grunnleggjande behov		x				Avhenger av kva/kor (vannstenging)						
	Forstyrring i dagliglivet		x				1-2 dg, 50 – 100 pers						
<b>Natur og miljø</b>	Langtidsskader - naturmiljø	x											
	Langtidsskader - kulturmiljø	x											
<b>Materielle verdier</b>	Økonomiske tap	x					Moderate tap for reiselivsverksemda. Forsikringsoppgjer, erstatning, men ikke særskilt økonomisk tap for Tysnes kommune.						
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>													
Legionellasmitte kan være svært alvorleg, spesielt hos eldre, og immunsvekka personer har risiko for dødsfall opp til 30 %.													
<b>Behov for befolkningsvarsling</b>		NEI											
<b>Behov for evakuering</b>		NEI											
<b>Usikkerheit</b>	<b>Middels</b>	Middels usikkerheit då det er vanskeleg å forutsjå utbrot											
<b>Styrbarheit</b>	<b>Høg</b>	Høg styrbarheit då gode rutinar og kunnskap om årsak vil kunne hindre utbrot											
<b>Forslag til tiltak:</b> Beredskapsplanar, krav om rutinar/kontrollar, kunnskap/kompetaseheving lovverk													
<b>Overføringsevne :</b> Overførbart til institusjonar, hushald, privat og offentlege institusjonar som har utstyr nyttar vatn til kjøling, oppvarming og som spreier det som aerosolar													

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 6 – Epidemi og pandemi

Nr.	6 Uønskt hending	Epidemi og pandemi									
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>											
På hausten bryt det ut ein uvanleg kraftig influensa som slår ut store deler av befolkninga i Noreg samtidig. Dette rammer også Tysnes kommune. Det er store problem med å skaffe avløysarar i landbruket, driftsoperatørar til tekniske installasjonar, samt alle administrative ledd som vert sjuke.											
<b>Årsaker</b> Særsmittsomt/aggressivt virus.											
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b> Vaksine, skjerming av sårbare/utsette pasientar, skjerpa hygienetiltak, smittevernplan, kontinuitetsplanar.											
Sannsynlegheit	A	B	C	D	E	Forklaring					
				X		1 gang i løpet av 10 til 50 år					
<b>Nyleg utbrot (2019)</b> , Jamleg årlege utbrot av influensa/sesongvirus. 1 x per 10-50 år											
<b>Sårbarheitsvurdering</b>											
Område	Hendinga si påverknad på andre område/verksemd				JA	NEI					
Sentraladministrasjon	Sjukefråvær, redusert produksjon/tenesteyting				X						
Kriseleiing	Setje krisestab, risiko for sjukefråvær i KKL.				X						
Helse og omsorg	Eldre og sjuke utsett grupper som må skjermast, Helse og pleiepersonell kan sjølv bli sjuke, redusert bemanning				X						
Oppvekst	Utbredt smitte i barnehage og småskule, sjukt personale/redusert bemanning/stenging				X						
Teknisk/Brann	Sjukefråvær, krav til smitteforebyggande arbeid m.a. ved reinhald.				X						
Hytter/reiseliv	Reduserte tenester også til hytter og i reiseliv				X						
Landbruk/anna næring	Problem med avløysar v sjukdom hos bønder				X						
Innbyggjarar	Sjukdom, isolasjon, mangel på tenester				X						
Andre kommunar	Kommunikasjon, samarbeid				X						
<b>Konsekvensvurdering</b>											
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring								

		1	2	3	4	5							
Liv og helse	Dødsfall			x			For lite/dårleg oppfølging v/ sjukdom						
	Skader og sjukdom				x		20 – 100 sjuke						
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov			x			Sjukefråvær hos pleie, helse og hjelpetenester gjev dårleg oppfølging						
	Forstyrring i dagliglivet				x		200-1000 personar over 7 dagar Sjukefråvær gir dårlegare tenestetilbod jamnt over.						
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Ingen negativ påverknad						
	Langtidsskader - kulturmiljø	x											
Materielle verdier	Økonomiske tap		x				1-10 mill						
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>													
Samfunnet vert hardt råka dersom fleire i viktige tenester er fråverande på same tid.													
Behov for befolkningvarsling		Ja, ved stenging av viktige funksjonar, lågterskeltilbod og redusert tilbod. Varsling vis media, sms og via nett (heimeside).											
Behov for evakuering		Nei											
Usikkerheit	Høg	Høg usikkerheit, då det er vanskeleg å forutsei alvorsgrad og konsekvensar.											
Styrbarheit	Middels	Middels styring då ein har god kunnskap om tiltak som fungerer.											
<b>Forslag til tiltak</b>													
Oppdatert smittevernplan, god informasjonsformidling lokalt og regionalt/sentralt, samarbeid med omkringliggjande kommunar, informasjon og råd frå myndighetene. Lokale forskrifter, auka reinhald, trafikklysmodell for skular og barnehager, omdisponering av personell for å redusera konsekvens i tenesteproduksjon. Omdisponering av personell til vaksinering og eventuelt andre relevant helsemessige tiltak.													
<b>Overføringsevne</b>													
Kan overføras til alle typar smittsame sjukdommar og andre hendingar som rammer heile eller deler av tenestene våre (kontinuitetsplanar).													

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 7 – Smittsam dyresjukdom

Nr.	7	Uønskt hending	Smittsam dyresjukdom									
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>												
Mattilsynet har 25.november vedteke å definere risikoområde som beskrive i « <i>Forskrift om midlertidige forebyggende tiltak for å hindre smitte av høypatogen aviær influensa fra fugler til fjørfe og andre fugler holdt i fangenskap</i> ». Områda som vert omfatta er Vestland og Rogaland fylke. Lista kan verte utvida om situasjonen endrar seg. 1.desember får Tysnes kommune beskjed om at det er funne influensavirus A(H5N8) i kommunen. Funnet er i ein liten hønseflokk som vert halde som hobby. Det vert opplyst at eigaren har kjøpt inn 20 høns frå Rogaland og at 10 høns er seld vidare til andre som held høns som hobby i fleire kommunar i Sunnhordaland.												
<b>Årsaker</b>												
Smitteintrøksjon via trekkfugl knytt til fuglar med sydvestleg trekkrute frå austlege landområder. Fleire sentraleuropeiske land har påvist sjukdommen. Klimaendringar.												
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b>												
Mattilsynet har overvakning og hovudansvar for beredskap innanfor dette område. FHI har oppfølging i høve til Mattilsynet og har vurderingar knytt til risiko for overføring til mennesker. Lokalkunnskap og tilgong til landbrukstenester og veterinærtenester for kommunen. Worst case – smittevernsplan												
Sannsynlegheit	A	B	C	D	E	Forklaring						
					x	Skjer oftare enn 1 gong per 10. år.						
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit</b>												
Klimaendringar gjer at det er større sansynlegheit å få smitte via trekkfuglar.												
<b>Sårbarheitsvurdering</b>												
Område	Hendinga si påverknad på andre område/verksemnd					JA	NEI					
Sentraladministrasjon	Oppfølging av landbruk og næring					x						
Kriseleiing	Kan bli etablert						x					
Helse og omsorg	Risiko for overføring til mennesker						x					
Oppvekst							x					
Teknisk/Brann							x					
Hytter/reiseliv							x					
Landbruk/anna næring	Portforbod og andre tiltak for å avgrensa spreiling					x						
Innbyggjarar	Mange har hobbyhald av høns m.v.					x						
Andre kommunar	<b>Ja vil verta påverka som følgje av dette caset.</b>					x						
<b>Konsekvensvurdering</b>												
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring									

		1	2	3	4	5							
Liv og helse	Dødsfall	x					Lagt til grunn at det ikke er spreiing til menneske						
	Skader og sjukdom	x					Lagt til grunn at det ikke er spreiing til menneske						
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x											
	Forstyrring i dagliglivet	x											
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø		x				Kan føra til skade og død for ville fuglar						
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Ingen vesentlege kulturminner i det aktuelle område.						
Materielle verdier	Økonomiske tap		x				1 – 10 mill. kr.						
<b>Samla grunngjeving av konsekvens</b>													
Hendinga har liten konsekvens. Det vil vera Mattilsynet som vurderer trong for tiltak i andre kommunar. Hendinga kan føra til vesentleg tap av fugleliv, det kan merkast at kommunen har fleire reservat for villfugl													
<b>Behov for befolkningsvarsling</b>		Gjennom alminnelege informasjonsflater, kan vera trong for særskilt varsling avhengig av spreiing.											
<b>Behov for evakuering</b>		Nei											
Usikkerheit	Låg	<b>Grunngjeving:</b> Det er god og omframt kunnskap om denne type hendingar.											
Styrbarheit	Høg	<b>Grunngjeving</b> Kommunen kan i all hovudssak styra og planleggja											
<b>Forslag til tiltak</b>													
Kartlegging av fuglehold for hobbybasis og som yrkesveg. Kan vera trong for å bistå Mattilsynet med omsyn til oppfølging av tiltak. Informasjonstiltak Veterinærvakt. Oppfordring og informasjon om registreringsplikt og – ordning. Smittevernsråd med sikte på å førebyggje zoonotisk smitte etter tilrådingar.													
<b>Overføringsevne</b>													
Hendinga har moderat overføringsverdi mot alle type hendingar.													

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 8 – Radongass i bygg

Nr.	<b>8 Uønskt hending</b>	Radongass i bygg					
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>							
Kartlegging viser at eit bygg kommunen har kjøpt for å leige ut har store konsentrasjonar av radongass. Bygget er allereie leidt ut og teke i dagleg bruk av pensjonist forbundet.							
<b>Årsaker</b>							
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Manglande radonsperre</li> <li>- Feil på etablert radonsperre</li> <li>- Manglande ventilasjonsanlegg</li> <li>- Feil eller manglande service og oppfølging på ventilasjonsanlegg</li> </ul>							
<b>Identifiserte eksisterande tiltak</b>							
Sannsynlegheitsreduserande - tiltak for å vera førebudd:							
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Radonmåling i bygg for utleige.</li> </ul>							
<b>Konsekvensførebyggjande - tiltak når noko har skjedd:</b>							
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføra dokumenterbare radontiltak i bygget. Tiltak kan variera ut frå fleire faktorar og må derfor tilpassast kvart utleigeobjekt.</li> </ul>							
<b>Sannsynlegheit</b>	A	B	C	E Forklaring			
			X	1 gang i løpet av 10 til 50 år			
<b>Grunngjeving for sannsynlegheit</b>							
Fleire utleigeobjekt er bygd før krav om tiltak mot radon kom inn i forskrift og er utsett for høge verdiar. Bygg som er bygd med kompenserande tiltak kan også ha for høge verdiar og må følgjast opp på same måte som eldre bygg.							
Nivå av radongass kan også endra seg og overgå grenseverdiar sjølv om tidlegare målingar syner verdiar under grenseverdien. Alle utleigeobjekt må derfor kontinuerlig følgjast opp med målingar.							
<b>Sårbarheitsvurdering</b>							
<b>Område</b>	<b>Hendinga si påverknad på andre område/verksemrd</b>			<b>JA</b>			
Sentraladministrasjon				x			
Kriseleiing				x			
Helse og omsorg				x			
Oppvekst				x			
Teknisk/Brann	Følgjer opp hendinga			x			
Hytter/reiseliv				x			
Landbruk/anna næring				x			
Innbyggjarar				x			
Andre kommunar				x			
<b>Konsekvensvurdering</b>							
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvens-kategori	Forklaring				

		1	2	3	4	5	
Liv og helse	Dødsfall	X					Ingen
	Skader og sjukdom	X					1-2 stykk
Stabilitet	Manglende dekning av grunnleggjande behov	X					Ingen
	Forstyrring i dagliglivet	X					Ingen
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	X					Ingen
	Langtidsskader - kulturmiljø	X					Ingen
Materielle verdier	Økonomiske tap		X				Opp til 2 million.

#### Samla grunngjeving av konsekvens

Samla vert hendinga plassert i kategori 1 – svært små konsekvensar.

Behov for befolkningvarsling		Nei
Behov for evakuering		Nei
Usikkerheit	Lav	<b>Grunngjeving</b> Gjennom etablerte rutinar har organisasjonen god erfaring med tema.
Styrbarheit	Høg	<b>Grunngjeving</b> Kommunen kan kontrollere/styre oppfølging og utbetring.
<b>Forslag til tiltak</b>		
Gjennomgang og eventuelt revidere rutinar for radonmåling i bygg til utleige.		
<b>Overføringsevne</b>		
Hendinga kan overførast til alle bygg Tysnes kommune har utleidt. Hendinga kan også overførast til bygg me eig og nyttar i eigen regi.		

## Heilskapleg ROS – Analyseskjema 9 – Vegtrafikkulykke

Nr.	9	Uønskt hending	Vegtrafikkulykke			
<b>Skildring av uønskt hending og lokale forhold</b>						
